

**REGLAR FOR
AREALFORVALTNINGA
I ETNE KOMMUNE**

INNHALD

| | |
|--|-----------|
| INNLEIING | 3 |
| GENERELLE REGLAR FOR KOMMUNEN (PLAN- OG BYGNINGSLOVA §20-4, 2.LEDD) | 4 |
| GENERELLE BESTEMMELSAR: | 4 |
| RETNINGSLINER FOR EKSISTERANDE TILTAK:..... | 4 |
| GENERELLE RETNINGSLINER: | 4 |
| BYGGJEOMRÅDE (PLAN- OG BYGNINGSLOVA §20-4, 1.LEDD, NR. 1) | 5 |
| BESTEMMELSAR: | 5 |
| RETNINGSLINER: | 5 |
| LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE (PLAN- OG BYGNINGSLOVA §20-4, 1.LEDD, NR. 2) | 6 |
| RETNINGSLINER: | 6 |
| LNF—OMRÅDE. SPREIDD BUSTAD/HYTTEBYGGING TILLETE (PLAN- OG BYGNINGSLOVA §20-4, 2.LEDD, BOKSTAV D) | 6 |
| <i>Bestemmelsar:</i> | 6 |
| <i>Retningsliner:</i> | 7 |
| RETNINGSLINER FOR SPREIDD UTBYGGING. | 7 |
| OMRÅDE FOR RÅSTOFFUTVINNING (PLAN- OG BYGNINGSLOVA §20-4, 1.LEDD, NR. 3) | 8 |
| BESTEMMELSAR: | 8 |
| RETNINGSLINER: | 8 |
| BANDLEGGINGSOMRÅDE (PLAN- OG BYGNINGSLOVA §20-4, 1.LEDD, NR. 4) | 9 |
| RETNINGSLINER: | 9 |
| BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG (PLAN- OG BYGNINGSLOVA §20-4, 1.LEDD, NR. 5) | 9 |
| RETNINGSLINER: | 9 |
| VIKTIGE KOMMUNIKASJONSÅRER (PLAN- OG BYGNINGSLOVA §20-4, 1.LEDD, NR. 6) | 10 |
| RETNINGSLINER: | 10 |
| <i>Vegsystemet</i> | 10 |
| <i>Kraftliner</i> | 10 |
| <i>Sjø</i> | 10 |
| <i>Bane</i> | 10 |
| REGULERINGSPLANAR SOM FRAMLEIS SKAL GJELDE: | 11 |

INNLEIING

Til arealdelen for kommuneplanen i Etne kommune høyrer eit plankart, og desse ”reglane” for arealforvaltninga. Dei ulike kategoriane av område skal her få bindande bestemmelsar, men også retningsliner, som har mindre juridisk tyngd.

Retningslinene er noko ein kan nytte for å gje signal om kva politikk ein vil føre i kommunen, og er mest av alt rettleiande for dei vedtaka som skal gjerast i kommunen etter at planen er vedteken. Delar av retningslinene vil vere på tvers av det ein har høve til å fastsetje bestemmelsar for etter §20-4 i Plan- og bygningslova. Ein vonar difor retningslinene til denne planen kan fungere som ei forståing mellom kommunen og andre forvaltningsinstitusjonar for korleis forvaltninga i kommunen skal vere, og gje grensesnittet for kva tid saker kan handsamast av kommunen sjølv, og kva som må sendast til høyringsinstansane.

Bestemmelsane til planen er heimla i Plan og bygningslova (PBL), og vil vere styrande for alle tiltak i framtida. Om ein ynskjer å gjennomføre tiltak som ikkje samsvarar med bestemmelsane i framtidige enkeltsaker, må ein gjere dette anten gjennom dispensasjonar frå planen, eller etter regulering av området etter kapittel VII i PBL. For utstrakt bruk av dispensasjonar kan vere med på å øydelegge respekten for planen. Dispensasjon bør difor nyttast i få saker, og då i saker som ein i planen ikkje har teke høgde for, eller der intensjonen med føresegna slår uheldig ut i den einskilde saka. PBL og føresegner til lova set kriterier for godkjenning av dispensasjonssaker. Hovudsakleg bør følgjeleg alle endringar i arealpolitikk komme gjennom revisjon av kommuneplanen.

I reglane er bestemmelsar heimla i PBL utheva og det er synt til paragraf og punkt for heimelen. Desse bestemmelsane er utheva i eigne boksar for å skilje dei frå retningslinene til planen, som ikkje har same juridiske binding.

I PBL er det føresett at kommuneplanen skal rullerast ein gong per valperiode, altså kvart 4 år. Dette er svært viktig for å få ein aktiv kommuneplan som tek med seg endringar i tida. Ein vil då få ein kommuneplan som er styrande, og som innbyggjarane kan ”stole på”. Dette er viktig for at innbyggjarar skal ha ei konsekvent handsaming av sakene sine ut frå det som er sagt i planen.

Ei av målsetjinga med utforminga av kommuneplanen sitt plankart og reglane for arealbruken er at dei skal vere eintydige og at dei skal gje ei fornuftig forvaltning av areala i kommunen. Dei skal opne for ny utbygging i kommunen, og samstundes sikre sentrale verneverdiar knytt til natur, kulturhistorie, landskap og ålmenta sine interesser. Eit sentralt mål for Etne kommune er også at reglane skal gje minst mogleg trong for dispensasjonssaker, og krevje minst mogleg ressursar av sakshandsaminga i kommunen.

I desse reglane vil omgrepet reguleringsplan gjelde reguleringsplan eller bebyggelsesplan. Der det er stilt krav om godkjend reguleringsplan vil det difor vere krav om reguleringsplan eller bebyggelsesplan etter Plan- og bygningslova.

Generelle reglar for kommunen (Plan- og bygningslova §20-4, 2.ledd)

Generelle bestemmelsar:

1. Tiltak etter § 93, bokstav h i Plan- og bygningslova kan ikkje finne stad i 100-metersbeltet mot vassdrag, så lenge arealet ikkje er del av godkjend reguleringsplan (Plan- og bygningslova §20-4, 2.ledd bokstav a).

Retningsliner for eksisterande tiltak:

1. Tiltak etter §§ 81, 86A og 93 i Plan- og bygningslova, unnateke § 93 pkt. h (frådeling), kan gjennomførast på eksisterande tomter, bebygd med bustad eller fritidsbustad i kommunen, som er frådelt til slik føremål. Dette gjeld likevel ikkje oppretting av nye einingar for varig opphald på slike tomter. Maksimal utnytting for bustad- og hyttetomtene skal vere 50%. Tiltak på desse eksisterande einingane skal likevel tilfredstille same krav som er sett til spreidd utbygging i kommunen, så lenge området ikkje vert del av godkjend reguleringsplan. Tiltak etter dette punktet skal tilfredsstille krav som er sett til spreidd utbygging i kommunen.
2. Tiltak etter §§ 81, 86A og 93 i Plan- og bygningslova, unnateke § 93 pkt. h (frådeling), kan gjennomførast på eksisterande naust i kommunen. Ved tiltak i samband med eksisterande naust skal tiltaket ikkje ytterlegare hindre ferdsle framom og bak bygget utover dagens allereie godkjende situasjon. I prinsippet skal det vere mogleg med ålmenn ferdsle forbi naust i strandsona.

Generelle retningsliner:

1. Det er generelt delingsforbod i 100-metersbeltet mot sjø og verna vassdrag, så lenge arealet ikkje er del av godkjend reguleringsplan .
2. Det er byggeforbod i 100-metersbeltet mot sjø og verna vassdrag, så lenge tiltaket ikkje er i samsvar med retningsliner for eksisterande tiltak, eller arealet ikkje er del av godkjend reguleringsplan.
3. Utnyttingsgraden av sentrumsområda bør gje maksimal 0,5 da pr buening.
4. Tiltak i sjø må ha løyve etter Hamne- og farvannslova.
5. Utgreiingsplikta etter kulturminnelova gjeld for alle nye tiltak utanføre regulerte område, eller område frigjeve etter kulturminnelova tidlegare. Alle funn av kulturminne i kommunen skal rapporterast til kulturstyresmaktene, og alt arbeid som kan skade desse skal stoppast umiddelbart.
6. Ingen utvidingar av bustad/hytteområde som fører til ein konsentrasjon på meir enn 5 einingar for varig opphald, eller nye etableringar av industriområde, skal sleppe ureinsa avløpsvatn i sjø eller vassdrag. Uavhengig av denne retningslina vil krav etter forskrift til Plan- og bygningslova framleis gjelde.
7. For kvart tiltak i kommunen skal tilhøve knytt til fare for flaum, ras, skred og anna fare knytt til naturtilhøve i området vurderast. Er det tvil om risikoen er liten for ei slik hending skal det gjennomførast analyse av fagpersonar før tiltaket kan gjennomførast. Ingen tiltak kan gjennomførast i område avsett av NGI (Norges Geotekniske Institutt) som potensielt fareområde for ras og skred, før det er gjort ei fagleg analyse av staden tiltaket skal finne stad, som konkluderer med at faren for ei slik ending er liten. Andre hendingar som kan vere ein risiko ved tiltaket skal også vurderast ved handsaminga av byggesak.

Byggjeområde (Plan- og bygningslova §20-4, 1.ledd, nr. 1)

Bestemmelser:

1. Tiltak etter §§ 81, 86A og 93 i Plan- og bygningslova i framtidige byggjeområde skal berre gjennomførast etter at det er godkjend reguleringsplan for området (Plan- og bygningslova §20-4, 2.ledd bokstav a).
2. I byggjeområde skal det ikkje frå nokon bustad vere meir enn 200 meter til næraste friområde/leikeplass. Det er dei områda som er best eigna til leik som skal nyttast til dette (Plan- og bygningslova §20-4, 2.ledd bokstav b og d).
3. Tiltak etter §§ 81, 86A og 93 i Plan- og bygningslova skal ikkje kunne førast opp der tilførslenettet for elektrisitet ikkje har tilstrekkeleg kapasitet for det auka forbruket tiltaket medfører (Plan- og bygningslova §20-4, 2.ledd bokstav b).
4. Alle bygningar i byggjeområde skal førast opp med saltak, om ikkje anna takutforming kan forsvarast ut frå at bygget har høg arkitektonisk verdi (Plan- og bygningslova §20-4, 2.ledd bokstav b).
5. På kvar frittliggande tomt skal det vere minimum 200 m² uteareal (Plan- og bygningslova §20-4, 2.ledd bokstav b).

Retningslinjer:

1. Oppretting av nye einingar for varig opphald eller frådelling til dette (fortetting) i eksisterande byggjeområde skal kunne finne stad etter denne plan, så lenge tiltaket tilfredsstillir retningslinjer for spreidd utbygging.
2. I byggjeområde for bustad i sentrumsområda skal ein ha størst mogleg tal på einingar med livsløpsstandard.
3. I byggjeområde for næring skal ein føre opp bygg og nytte utearealet slik at området står fram som ryddig, og gjev eit positivt inntrykk visuelt.
4. Eksisterande kraftverk syner i planen som område for næring. Her kan tiltak gjennomførast for å drive og vedlikehalde anlegga. Ein er positive til utbygging av mindre kraftverk i kommunen, men plassering og utforming av desse skal avgjerast i konsesjonshandsaminga av tiltaket og handsaminga etter Plan- og bygningslova.. Planen syner berre eksisterande kraftanlegg.
5. Friområde i planen skal opparbeidast som tilgjengelege og tilrettelagt for ålmenn bruk.
6. Utvikling i sentrumsområda utover denne plan skal gå føre seg etter utarbeiding av reguleringsplanar. Ein skal freiste få ein stor del av utbygginga i kommunen i sentrumsområda for å styrke næringsgrunnlaget for desse sentra.
7. Nye, framtidige byggjeområde for camping kan berre opprettast etter utarbeiding av reguleringsplan.

**Landbruks-, natur- og friluftsområde (Plan- og bygningslova §20-4,
1.ledd, nr. 2)**

Retningslinjer:

8. I LNF-område utan opning for spreidd utbygging er det delings- og byggeforbod, med unnatak av tiltak etter retningslinjer for eksisterande tiltak (Sjå generelle reglar). Kommunen vil likevel i ein skilje høve vera positiv til søknader om dispensasjon i lys av busetnadstradisjonen i Etne som tilseier ei viss grad av spreidd utbygging. Det er ikkje byggeforbod for driftsbygningar etter § 81 i Plan- og bygningslova.
9. I LNF-område er det ikkje forbod mot oppretting av nye mindre kraftverk i kommunen. Plassering og utforming av slike anlegg skal avgjerast i konsesjonssaka og byggjesaka for slike tiltak. Anlegga skal utformast og plasserast slik at konsekvensane for landbruks-, natur- eller friluftinteressene ikkje vert store. Vurderer ein at konsekvensane for slike interesser blir store, skal det gjerast avbøtande tiltak, eller tiltaket skal ikkje godkjennast.
10. I LNF-område merkt av som potensielle framtidige massetak er det ikkje tillete å gjennomføre tiltak som bygger ned ressursen, eller på andre måtar vanskeleggjer uttak av massane i framtida. Før (om) massane skal takast ut, skal området ha godkjend reguleringsplan, med dei avklaringar som dette medfører etter Plan- og bygningslova og anna lovverk. Reguleringsplan skal vise situasjonen etter ferdig uttak med 1-meters koter, revegetering av området og driftsvegar i driftsperioden.

LNF—område. Spreidd bustad/hyttebygging tillete (Plan- og bygningslova §20-4, 2.ledd, bokstav d)

Bestemmelsar:

1. Område opna for spreidd bustad/hyttebygging er avgrensa i plankartet, og plankartet angjev omfanget av utbygging tillete i planperioden (Plan- og bygningslova §20-4, 2.ledd bokstav c).
2. Det er dei områda som er best eigna til leik som skal nyttast til slik arealbruk (Plan- og bygningslova §20-4, 2.ledd bokstav b og d).
3. Tiltak etter §§ 81, 86A og 93 i Plan- og bygningslova skal ikkje kunne førast opp der tilførslenettet for elektrisitet ikkje har tilstrekkeleg kapasitet for det auka forbruket tiltaket medfører (Plan- og bygningslova §20-4, 2.ledd bokstav b).
4. Alle bygningar i LNF-område der spreidd utbygging er tillete skal førast opp med saltak, om ikkje anna takutforming kan forsvarast ut frå at bygget har høg arkitektonisk verdi (Plan- og bygningslova §20-4, 2.ledd bokstav b).
5. På kvar frittliggande tomt skal det vere minimum 200 m² uteareal (Plan- og bygningslova §20-4, 2.ledd bokstav b).

Retningslinjer:

1. Sjølv om ein skal freiste få ein stor del av nye etableringar i kommunen i sentrumsområda skal ein også bygge vidare på tradisjonen i Etne som tilseier ei viss grad av spreidd utbygging.
2. Plankartet angjev talet på nye hytte- eller bustadeiningar som er tillate i kvart område i planperioden. Vedtak om frådelling tel som ei ny eining, men bygging på denne tomte tel ikkje som nok ei ny eining. Frådelling av eksisterande bygning vert på same måte rekna som ei ny eining. Bygging av hytte eller bustadeining utan frådelling tel også som ei ny eining i høve til denne planen. Tiltak som tilfredsstillar føresetnaden som eksisterande tiltak (jf generelle reglar punkt 1 el. 2), tel ikkje som ei ny eining.
3. For områda for spreidd utbygging i Kyrkjedalen og Ytre Nes/Breivik ved Skånevik i plankartet er det absolutt krav om reguleringsplan før tiltak i området kan gjennomførast. I desse områda ser ein føre seg at hyttene vart samla i grupper for å bygge ned minst mogleg areal. I Kyrkjedalen skal ein i reguleringsplanprosessen særskild vurdere plassering av hytter i høve til ferdsle og istilhøva på regulerte vatn i området. Talet på hytter i desse områda kan justerast ned eller opp i reguleringsplanprosessen, om det syner seg at området ikkje taklar ei så stor utbygging, eller området godt toler meir utbygging enn dette.

Retningslinjer for spreidd utbygging.

1. Om tiltak i område opna for spreidd utbygging fører til ein konsentrasjon på meir enn 5 einingar for varig opphald samla, er det krav om godkjend reguleringsplan for området før tiltaket kan finne stad.
2. Fulldyrka jord skal ikkje byggast ned, og anna dyrka mark/dyrkbar mark skal skånast frå utbygging i størst mogleg grad. Nye tiltak skal ikkje punkttere jordbrukslandskapet og skal plasserast slik at arronderinga til jordbrukseigedomane ikkje blir dårlegare enn før tiltaket. Plasseringa skal heller ikkje hindre tilkomsten for landbruksdrifta. Ein skal vurdere eventuelle konflikter som kan oppstå mellom tiltaket og drifta av landbruket, slik at plassering av nye tiltak ikkje gjer desse større enn naudsynt. Ein skal freiste fortette allereie eksisterande bygningsstruktur der dette er mogleg, og der dette ikkje strir med omsyn til kulturhistorisk verdifulle bygningsmiljø.
3. Vasstilførsel skal vere av god kvalitet og gje tilstrekkeleg mengd vatn for tiltaket.
4. Avløp skal vere løyst etter gjeldande regelverk, og det skal vurderast om resipienten toler den ekstra belastninga som det nye avløpet medfører. I Etnefjorden, innanføre Holmaseid (inkluderer Osvågen), og vassdrag som fører til dette sjøområdet, skal det ikkje godkjennast nye avløp utan reinsing av avløpsvatnet.
5. Tiltak skal ikkje kunne førast opp der tilførslenettet for elektrisitet ikkje har tilstrekkeleg kapasitet for det auka forbruket tiltaket medfører. Det er eigaren av tilførslenettet som avgjer om denne kapasiteten er der, og eventuelt stille krav til kapasitetsauke om tiltaket skal gjennomførast.

6. Ingen tiltak skal gjennomførast i kommunen slik at dei gjer skade på nasjonale eller regionale naturverdiar i kommunen. Dette gjeld område som er synt direkte i plankartet, område verna etter naturvernlova/viltlova eller område med dokumenterte verdifulle kulturlandskap, viltområde eller viktige område for biologisk mangfald.
7. Alle tiltak skal plasserast og utformast slik at det er tilpassa eksisterande terreng, og eksisterande vegetasjon skal i størst mogleg grad sparast.
8. Tilkomsveg skal halde tilfredsstillande standard for å tole den auke i transport som tiltaket medfører. Avkjørsleløyve skal vere gitt av rette styresmakt, og forvaltninga av avkjørsleløyve skal følgje den til ei kvar tid gjeldande avkjørsleplanen for kommunen.
9. For kvart tiltak skal tilhøve knytt til fare for flaum, ras, skred og anna fare knytt til naturtilhøve i området vurderast. Er det tvil om risikoen er liten for ei slik hending skal det gjennomførast analyse av fagpersonar før tiltaket kan gjennomførast. Ingen tiltak kan gjennomførast i område avsett av NGI (Norges Geotekniske Institutt) som potensielt fareområde for ras og skred, før det er gjort ei fagleg analyse av staden tiltaket skal finne stad, som konkluderer med at faren for ei slik ending er liten. Andre hendingar som kan vere ein risiko ved tiltaket skal også vurderast ved handsaminga av byggesak for tiltaket.
10. Alle bygningar i kommunen skal førast opp med saltak, om ikkje anna takutforming kan forsvarast ut frå at bygget har høg arkitektonisk verdi.
11. På kvar frittliggande tomt skal det vere minimum 200 m² uteareal.
12. Ved konsentrasjonar av meir enn 5 einingar for varig opphald skal det opparbeidast friområde/leikeplass.
13. Ein skal vere bevisst fargebruken på alle bygg i kommunen. Fargen skal vere tilpassa plasseringa eit bygg har i terrenget.
14. Ingen tiltak kan gjennomførast etter denne plan, som fører til at støykrav frå veg ikkje kan tilfredsstillast.
15. Tiltak kan ikkje gjennomførast innføre byggegrenser mot veg, utan at rette styresmakt har gjeve dispensasjon frå Veglova.

Område for råstoffutvinning (Plan- og bygningslova §20-4, 1.ledd, nr. 3)

Bestemmelser:

1. Tiltak etter §§ 81, 86A og 93 i Plan- og bygningslova i framtidige område for massetak skal berre gjennomførast etter at det er godkjend reguleringsplan for området (Plan- og bygningslova §20-4, 2.ledd bokstav a).

Retningslinjer:

1. Tiltak i nye område for massetak, eller tiltak som medfører vesentleg utviding av eksisterande drift, skal ikkje gjennomførast utan at området er del av ein godkjend reguleringsplan. Reguleringsplan skal vise situasjonen etter ferdig uttak med 1-meters koter, revegetering av området og driftsveggar i driftsperiden.
2. Massetak i kommunen skal ha eit mest mogleg ryddig inntrykk i driftstida, og utforminga av landskapet etter ferdig massetak skal gje eit tiltalande inntrykk.

Bandleggingsområde (Plan- og bygningslova §20-4, 1.ledd, nr. 4)

Retningslinjer:

1. Område verna etter Naturvernlova og kjende kulturminne verna etter Kulturminnelova er synte på plankartet. I bandlagde område skal ingen tiltak gjennomførast som kan redusere verneverdien. Ein skal også ta omsyn til bandlegginga i tilgrensande område.
2. Objekt i kommunen kan vere ferda etter kulturminnelova utan å synast på plankartet. Det same gjeld vedtak gjort etter Naturvernlova eller Viltlova etter godkjenning av denne planen.

Bruk og vern av sjø og vassdrag (Plan- og bygningslova §20-4, 1.ledd, nr. 5)

Retningslinjer:

1. I planen er mykje av sjøareale uplanlagt areal. I desse områda tek ikkje kommuneplanen stilling til arealbruken, og denne må difor fastsetjast gjennom handsaming etter gjeldande lovverk i kvar enkelt sak.
2. Areal i sjø avsett til Område for Natur-, Friluft-, Ferdsl- og Fiskeriinteresser (NFFF i plankartet) kan ikkje nyttast til akvakulturanlegg, eller anna bruk som hindrar den fastsette arealbruken i området.
3. Areal i sjø avsett til Friluftinteresser (FR i plankartet) skal særskild kunne nyttast til ålment friluftsliv. Tiltak eller arealbruk som kan hindre utøvinga av ålmenta sitt friluftsliv må ikkje finne stad. Der arealbruken er i kombinasjon med ein anna type arealbruk (F, H) skal omsynet til friluftslivet vege tyngst ved bruken av arealet.
4. Areal i sjø avsett til Naturinteresser (N i plankartet) er naudsynte å sikre for å hindre at naturverdien i området vert forringa.
5. Areal i sjø avsett til Fiskeri (F i plankartet) vil gjelde trålfelt, gyteplassar og låssetjingsplasser i kommunen. Ingen anlegg eller arealbruk som kan hindre slik bruk er tillete. Somme områda er sett av til fiskeri (låssetjing) i kombinasjon med anna arealbruk (A, FR, H). I desse områda skal bruken som låssetjingsplass vere underordna anna arealbruk, slik at plassering av anlegg ikkje hindrar dei andre brukarane av arealet.
6. Areal i sjø avsett til Ferdsl (H i plankartet) skal sikre ferdsla ved hamner. Tiltak som hindrar ferdsla i desse områda må ikkje finne stad.
7. Areal i sjø avsett til Akvakultur (A i plankartet) skal nyttast av akvakulturanlegg med gyldig løyve etter konsesjonslova.
8. Eksisterande område for akvakultur på Mortveitskjeret og midt i Ytre Tungesvik, skal ein freiste flytte til annan lokalitet i kommunen. Om det lukkast å flytte desse anlegga, skal områda anlegga no ligg på, som er avsett i denne plan, ikkje lenger reknast som akvakultur, men som område med forbod mot akvakultur.

Viktige kommunikasjonsårer (Plan- og bygningslova §20-4, 1.ledd, nr. 6)

Retningslinjer:

Vegsystemet

1. Planen syner dei viktigaste gjennomgåande vegane i kommunen. Nokre fylkesvegar vil difor ikkje syne i planen.
2. Det er lagt inn veglova sine byggegrenser mot veg i plankartet, som syner avstand frå senterlinja (Ev/Rv=50m, Fv=15). Ved vegutbygging kan denne byggegrensa endre seg i høve til plankartet. Byggegrensene gjeld ikkje for tunnelar eller regulerte område, sjølv om dette skulle vise i kartet.
3. Avkjørsleplan skal vere grunnlaget for forvaltninga av saker etter denne planen. Om eit tiltak ikkje stettar krava i avkjørsleplanen, skal dei ikkje gjevast løyve etter Plan- og bygningslova.
4. Trafikksikringsplanen skal danne grunnlaget for prioritering av tryggleiksrelaterte vegprosjekt i kommunen. Kommunen skal til ei kvar tid ha ein gjeldande trafikksikringsplan.
5. Tunnel Etne –Skånevik ligg inne på plankartet utan juridisk binding. Dette er eit høgt prioritert prosjekt for Etne kommune, men traseen til tunnelen kan endrast i høve til veglinja på plankartet i detaljplanlegginga av prosjektet.
6. Eksisterande Gang- og sykkelvegar i kommunen syner på plankartet. I tillegg syner framtidige Gang- og sykkelvegane som er prioritert i trafikksikringsplanen.

Kraftliner

1. Dei største kraftlinene i kommunen syner i plankartet. Framtidig trase mellom Vatnedal og Ekreim, samt Åsbø og Litledalen skal vere som erstatning for eksisterande kraftline på same strekningar. Ved bygging av framtidig kraftline skal difor eksisterande kraftline i plankartet ikkje lenger ha verknad i kommuneplanen.

Sjø

1. Biled til Etne og Skånevik, samt ledene til Ferjesambandet Skånevik-Metre-Utåker syner på plankartet. Ingen tiltak må gjennomførast som kan hindre skipstrafikken langs desse ledene. Biledene teikna på plankartet må ikkje sjåast på som avgrensa trasear, men syner hovudrutene trafikken skal førast etter. Omsynet til ledene kan difor måtte takast i stor avstand til ledene på plankartet.
2. Landområde i hamneområda er synt som kaiareal i planen.

Bane

1. Haukelibanen ligg inne på plankartet utan juridisk binding. Det er føresett at det ved detaljplanlegginga av banen kan bli sette ein trase som vik frå den som plankartet syner.

Reguleringsplanar som framleis skal gjelde:

På plankartet syner områda der reguleringsplanar framleis skal gjelde, og der planen difor er unnateke rettsverknad etter PBL §20-6, 3.ledd. Plankartet vil også i somme høve syne arealbruk utan unntak av rettsverknad på delar av gjeldande reguleringsplanar. Desse delane av reguleringsplanane skal då ikkje lenger gjelde.

| Heile planar som etter kommuneplanen ikkje lenger skal gjelde: | | | | |
|--|----|---|--------------------|---------------|
| Plannummer | | Plannavn | Stadfesta/Vedteken | Siste endring |
| R | 10 | Bergstø 104/1 | 22.11.1978 | 29.06.1982 |
| R | 56 | Strandplan for Nermark, 84/8 | 26.07.1973 | 22.11.1983 |
| R | 61 | Strandplan Sandvik – 149/1,2,6 og 150/1 | 18.10.1973 | 18.10.1973 |
| R | 66 | Reguleringsplan for massetak Grindheim/Rygg | 07.03.2000 | 20.01.00 |

Planar som framleis skal gjelde, heilt eller delvis, i Etne kommune:

| Plannummer | Plannavn | Stadfesta/Vedteken | Siste endring | |
|------------|----------|--|---------------|------------|
| R | 2 | Ligrend I | 07.01.1972 | 02.11.1983 |
| R | 3 | Etnesjøen m/Tongane | 12.10.1973 | 18.06.1992 |
| R | 4 | Silde/Kambe | 24.10.1973 | 28.08.1997 |
| R | 5 | Enge/Silde | 25.10.1973 | 17.06.1993 |
| R | 6 | Leknestangen | 28.03.1974 | 07.12.1973 |
| R | 11 | Nyvoll (El.verket Televerket) | 02.06.1981 | 18.03.1993 |
| R | 12 | Fjæra | 21.04.1982 | 22.01.1982 |
| R | 13 | Kambe II | 18.06.1981 | 14.04.1988 |
| R | 14 | Gamleelv | 23.04.1982 | 20.06.1991 |
| R | 18 | Sævareid Nedre | 31.01.1984 | 16.12.1983 |
| R | 19 | Området rundt Verdalsvatnet | 30.06.1986 | 04.10.1983 |
| R | 20 | Gang-/Sykkelveg Etnesjøen kryss v/Osnesvegen | 31.01.1984 | 20.06.1991 |
| R | 21 | Ligrend II | 28.12.1983 | 19.12.1997 |
| R | 23 | Bustadfelt på Rygg 44/11 | 27.11.1985 | 13.04.1989 |
| R | 25 | Byggefelt Mørkeli | 27.11.1985 | 26.03.1986 |
| R | 26 | Etnesjøen og sentrumsplan | 13.04.1983 | 13.03.1987 |
| R | 27 | Osnes 14/4 | 17.12.1986 | 09.09.1986 |
| R | 30 | Bustadfelt Væ | 16.12.1986 | 10.12.1987 |
| R | 31 | Honsvik | 27.06.1989 | |
| R | 32 | Skånevik, Del 1: Sentrum | 12.01.1993 | 29.09.1992 |
| R | 32 | Skånevik, Del 2: Skålnes-Skåno | 19.03.1991 | 10.05.1991 |
| R | 32 | Skånevik, Del 3: Vedladalen-Oppheim | 19.03.1991 | 10.05.1991 |
| R | 33 | Steinshagen II | 13.11.1990 | 13.09.1990 |
| R | 34 | Osnes | 11.12.1990 | 22.03.1990 |
| R | 35 | Markhus (Hamn) | 12.05.1992 | 25.02.1992 |
| R | 36 | Vedel Skånevik | 02.07.1991 | 11.04.1991 |
| R | 38 | Reguleringsplan Rv 11. Teigland - Håland | 22.02.1996 | 25.01.1996 |
| R | 39 | Rygg | 25.04.1995 | 16.02.1995 |
| R | 40 | Østrem 037/008,014 og 036/001 | 17.06.1998 | 15.10.1998 |
| R | 41 | Mosnes/Mosdal | 30.04.1996 | 01.08.1995 |

| | | | | |
|---|----|--|------------|------------|
| R | 43 | Etnesjøen, sentrum del 1 | 15.06.1999 | 15.06.1999 |
| R | 45 | Privat reguleringsplan Skålnes | | |
| R | 46 | Frettestølen | 12.01.1995 | 10.06.1995 |
| R | 47 | Reguleringsplan massetak, Sørheim | | |
| R | 49 | Bebyggelsesplan Skånevik, Be 1, Del 3 | 15.08.1991 | 29.05.1991 |
| R | 50 | Bebyggelsesplan Skånevik, Be 8, 9 og S 19 | 15.08.1991 | 29.05.1991 |
| R | 51 | Bebyggelsesplan Skånevik, Be A, Del 3 | 15.08.1991 | 15.08.1991 |
| R | 53 | Bebyggelsesplan Havnehagen | 28.08.1997 | |
| R | 67 | Reguleringsplan, Vegkryss Steinshagen | 03.10.2000 | 21.09.2000 |
| R | 72 | Bebyggelsesplan, Bustadfelt Mælandsstølen. | 21.09.2000 | 06.09.2000 |
| R | 75 | Reguleringsplan for tilkomstveg Austreim | | |